

# SLUTTRAPPORT

## Dyrskudugnad 2022

### 1. Førebuingar til oppdraget.

- **Dialog med Dyrsku'n arrangement.**

- Det blei halde eit forberedande møte med Dyrsku'n arrangement og leiar for Morgedølane kor føringane for årets oppdrag blei presentera.
- Sikkerhetskurs vart gjennomført av tre Morgedølar detta året.

- **Informasjon til Morgedølar**

- Det var kalle inn til obligatorisk informasjonsmøte for alle som var ført opp på arbeidslister. Møte vert halde på fem ulike arbeidsdagar slik at flest mogleg kunne finne ein høveleg kveld å delta på. På møtet blei presentasjonen frå Dyrsku'n lagt fram samstundes med at det også vart gjeve informasjon for Morgedølar spesielt. Til saman var det 51 av dei 94 personane på lista som møtte opp. Det vart i år bruka ein del tid på nye vegar for innkøyring samt rutinar for lossing og lasting.

- **Sosiale media**

- Det blei oppretta ei Facebook-gruppe; Dyrskudugnad Morgedal, for å gje kontinuerleg oppdatering om framdrifta og deling av naudsynte dokument og anna informasjon.

Gruppa har 80 medlemmar som alle var sette opp på arbeidslistene. Tatt i betraktning alderen på Morgedals innbyggjarar finn me detta svært tilfredsstillande.

- Dølehalli si heimeside; [www.dolehalli.no](http://www.dolehalli.no), oppretta ei eige side for dokumentar som var relevante for oppdraget. Her kunne alle gå inn og hente naudsynt dokumentasjon som vart sendt konna frå Dyrsku'n arrangement, samt all dokumentasjon produsera lokalt vedr. oppdraget.

Sida hadde frå 40-60 daglege nedlastingar dei dagane oppdraget varte. Sida vart oppdatert to gonger pr dag i heile planleggingsperioden og under Dyrsku'n.

- Når arbeidslistene var ferdige blei det utforma ei kontaktliste med alle namn, adresse, e-post og telefon til samlege personar på listene. Hensikten var å bygge inn sikkerheit for at det skulle vera lett å bytte og også lett å skaffe vikar om ein ikkje kunne stille til oppdrag.

## 2. Kva for oppgåver vart utført og av kven – jf. avtala/instruks

- **Utførte oppgåver**
  - Avtale inneheld følgjande oppgåver: Vaktleiar, vaktinnsjekk, portvakter og trafikkhandtering. Me hadde kontinuerleg bemanning som gjekk som vaktleiarar kvar dag Dyrsku'n var ope for besøkande. Dei same dagane hadde me og ansvar for innsjekking av vakter for alle dei ulike gruppene som deltek i dugnadsarbeidet. Vidare deltok me som vakter i alle portar under utstillaranes førebuingar og i besøksperioden. Oppdraget blei avslutta med trafikkhandtering under utkøyring på søndag kveld.

## 3. Nøkkeltal – kor mange personar involvert/timar bruka

- **Antall personar**
  - Frå Morgedal stilte me i alt med 94 vaksne personar fordelt etter nærmare angjevne lister på dei ulike oppdraga. Ut over detta har styret i Dølehalli grendelag vore engasjera i førebuingar til arbeidet.
- **Utførte timar**
  - Vaktlistene visar at dei planlagde timane var; 414,5  
Det vart i ettertid lagt til timar for ekstra vakt i portar i dagane før opninga av Dyrsku'n
  - Timar nytta til å halde informasjonsmøte; 10,0
  - Timar nytta til deltaking på informasjonsmøte; 127,0
  - Timar til planlegging og oppfølging av dugnadsarbeidarar; 74,0

## 4. Korleis vart oppgåva løyst – gjennomføring

- **Vaktinnsjekk**
  - Dei som hadde denne oppgåva hadde nesten alle sammen erfaring frå tidlegare. Til tross for at systemet var endre frå tidlegare oppfatast dette som ei forenkling.
- **Køyreportar**
  - Også her hadde dei fleste Morgedølane tidlegare erfaring og gjennomførte oppgåva etter dei instruksane som ble gjeve
- **Vaktleiar**
  - I år hadde me nokon nye personar til denne oppgåva, men god informasjon ble gjeve på førehand i samband med lokalt informasjonsmøte samt kursing av personalet på Dyrsku'n, gjorde at me løyste oppgåva tilfredsstillande

- **Trafikkhandtering**

- Dette er oppgaver som løysast på staden etter behov på dei forskjellige dagane..

Hovudansvarleg for Morgedalsgjengen var til stades ein lengre periode kvar dag og utover dette tilgjengeleg på telefon om det skulle oppstå problem.

## 5. Evaluering/tiltak til forbetring til neste års Dyrsku'n

- **Vaktinnsjekk**

- Gode arbeidsforhold i «glashuset i år», men me sakna ei vidareføring av det digitale systemet for innsjekk.
- Som tidlegare år, ser me at det er mange frivillige som manglar informasjon om kva dei skal gjera og kor dei skal vera på vakt. Her er det svikt hjå dei lokale gruppeleiarane i distriktet.
- Det har vore ein ny trend i år med å dele upp vaktene på heile familien. Slik kan inntil fire koma inn på området gratis. Det er vanskeleg for dei i innsjekk å imøtegå slike opplysningar anna enn å akseptera innsjekk.
- **Forslag til forbetring i vaktinnsjekk.**
  - Alle dugnadspersonar inn på same database.
  - Dugnadsansvarlege for dei ulike laga må lese og formidle informasjon frå Dyrsku'n og sikre at alle har fengje og forstått kva arbeidsoppgåvene gjeng ut på og kor dei har oppmøte.
  - Innskjerping av reglar for registrering og oppdeling av vakter.
  - Eige oppfølgingsmøte for nytte og vidareutvikling av database for dugnadsregistrering og vaktinnsjekk. Det blir for mange detaljar å taka med i denne rapporten.

- **Køyreportar**

- På dagane før opning vart det gjeve tydeleg informasjon om korleis ein skulle handsame oppgåva.

Nordgardsporten er blitt sentral for transport til og frå området. Me har berre godt å seia om detta. Fleir nøgde transportørar, kortare ventetid og betre plass for dei store bilane.

I dei andre portane synast me at det var som tidlegare, men med mindre kjeft og banning frå «våre faste kundar». Det er tydeleg at nokon har snakka med nokon. Vaktene følte seg meir respektera og var mindre frustrera etter end vakt.

På sundagen er det innkalla til møte om utkøyring av området. Dette møtet haldast ikkje i samband ved vaktskifte og det gjer at dei som skal ha kveldsvakt må koma tidlegare enn oppsett for å delta.

Dei fyrste to dagane i veka var det ingen eller lite trafikk i porten ved Storstoga.

- **Forslag til forbedring i køyreportar.**

- Store kart over området festa på porten.
- Legge inn dei faste installasjonane som søkbare mål i Dyrskuappen. Til dømes; Fjoset, Sterkenilstunet, Eldhuset, Utgardskiosken, osv.
- Nok ein gong innprenta for utstillarar at alle papir og tillatelser skal vera på plass før dei slepper inn på området.
- Kanskje ikkje naudsynt med vakter i port ved Storstoga på måndag og tysdag.
- Lasterampe i nordgardsporten hadde sine utfordringar. Utføring var ikkje slik den bør vera. Mange bakljøs på bilar vart øydelagde. Me sakna og eit sett med lause køyreramper og leggja fram mellom bil og terreng for å lette arbeidet. Dette var nå eit prøveår, så med reknar med forbedringar i 2023.
- Tid for trafikk møte sundags ettermiddag må planleggast og settast opp på vaktlister slik at folk får beskjed og tid til planlegging,

- **Vaktleiar**

- Det førebunde møtet gav god informasjon og klare meldingar om kva som var forventet av vaktleiar. Tri morgedølar deltok på sikkerheitskurs.

- **Forslag til forbedring for vaktleiar**

- Ingen registrera.

- **Generelt**

- Det er nokon felles ting som gjeld alle dei som var på dugnad og det er mellom anna parkering. Fleir blei nekta parkering på plassen ved Nordgardsporten av dei som stod vakt der og blei då henvista til andre plassar. Mange måtte parkere heilt oppe ved byrjinga av Dyrskuvegen ved Monter, sjølv om det var rikeleg med plassar ved Nordgardsporten. Morgedølane hadde med seg vaktliste og personleg ID som eit slags inngangskort til parkeringa ved porten og stadfesting av at dei skulle på jobb. Mange av vaktene, spesielt i røde kors uniform, var svært aggressive og lite imøtekommande. Dei la ikkje skjul på at dei var ute etter pengar for parkering.

- **Forslag til forbedring av parkering**

- Betre informasjon til parkeringsvakter.

- Bussjåførar reknar som sjølv sagt at dei får koma inn gratis. Nokon vart ganske vonde når dei blei avvist i porten. Ved et tilfelle var det ein som rista seg laus frå vakta og forsvann inn på området.

- **Forslag til forbedring for bussjåførar**

- Informer vakter og sjåførar om kva slags reglar som gjeld og syt for at dei har tilstand til å koma inn dersom det er tilfellet.

- Sanitærforhold med Nordgardsporten saknast av både vakter og utstillarar. Mange utstillarar spurt også om kor næraste kjelde for drikkevatn var.

- **Forslag til forbetring av sanitær**

- I utstillarinformasjonen bør det informerast om kor det er mogleg å fylle store kanner med vatn.
- Gjerne eit toalett ved Nordgardsporten
- 

- **Neste år**

Så får me sjå, kven som tek over ansvaret for Dyrskudugnadsgjengen frå Morgedal, men eg er nok i bakgrunnen og fører arven vidare.

- **Me ropar HURRA HURRA for**

- Gratis inngang til dei som har vakter frå måndag til torsdag
- Ein Dyrskuadministrasjon som lett å samarbeide med

Me takkar for oppdraget og håpar at me har skjøtta oppgåva konns på ein god og effektiv måte.

For Dølehalli Grendelag og Morgedal Idrottslag

Geir Notodden

Morgedal 7/11-2022